



Styreleiar Vidar Haugland ser fram i mot fullføringa avorstova i bygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Storstova i Uskedalen – Aktivitetshuset – skal fullførast i 2007. Den MÅ faktisk fullførast, for ellers går kommunen og prosjektet glipp av tippemidlane.

- Og det ville ikkje vera særleg kjekt å vera årsak til at kommunen mister pengar, seier styreleiar i Aktivitetshuset, rektor Vidar Haugland til uskedalen.no. Men han innrømmer at det må gjerast eit stort løft for å nå målet før årsskiftet.

400.000 kroner som var lån er frigjeve og Haugland reknar med at den summen vil halda. Men det er ein føresetnad at det blir gjort mykje dugnadsarbeid.

Det gjeld det ein kan kalla ein tertrinsrakett som må skytast opp:

- Trimrommet er nesten ferdig, men det skal monterast utstyr som leiinga har kontakta ekspertar om. Spørsmålet er: Kva slags apparat trengs i rommet? Rommet bør kunne tas i bruk til hausten og dei vil truleg ende opp med eit kortsystem og betaling av årskontingent. Rommet skal vera klart til haustsesongen.
- Garderobeanlegget har entreprenør Karsten Ekeland kome med tilbod på og har fått jobben, men her må det bli ein god del dugnad i tillegg. Eigentleg skulle denne delen av prosjektet vore sett i gang allereie, men entreprenørane har mykje å gjera for tida. Haugland meiner likevel det vil vera mogeleg å bli ferdig før årsskiftet.
- Merkinga blir teke bort og golvet slipt ned i sommar – også det går til dels føre seg på dugnad. No er det berre volleyballbane som er merka, men i tillegg kjem håndballbane, minihåndballbane (fire på kvart lag) med to mål og to basketballbanar på tvers. Etter merkinga må golvet lakkast – faktisk opptil seks-sju gonger - og det skal skje på dugnad og i samarbeid med Magne Eik. Salen skal vera klar til skolestarten.

- Sjølv om vi satsar mykje på dugnad er det viktig at vi på alle område søker hjelp hjå profesjonelle slik at alt blir rett, understrekar Vidar Haugland.

Av Ola Matti Mathisen